



Lindås ungdomsskule
5955 LINDAS
Tlf. 56375054
lindas.ungdomsskule
@lindas.kommune.no

REFERAT FRÅ MØTE I FAU 23.10.2019

Dei som møtte: Anne Lise Hopland, klasse 8a, Frode Johnsen, klasse 8b, Janne H Rabben og Charlotte F Søreide, klasse 9a, Erlend Vakt skjold, klasse 9b, Gro Merete Bjørsvik, klasse 10a, Monica B Sleire, klasse 10b, Gurid H. Espe, rektor.

Sak 7 – 19/20 Vedtekter for FAU. Avklare roller: foreldrekontakt, FAU representant. Teieplikt.

- Vedtekter for FAU: Janne skriv eit forslag som går ut på høyring.
- Avklare roller: Vara er ikkje eit omgrep. Det vil seie at: ein person set i FAU og ein er klassekontakt (som er vara for representanten i FAU). På sikt ha tre personar som er involvert, altså to klassekontaktar og ein i FAU. Eit ønske framover er at alle møter på FAU sine møte for å halde oversikt.
- Teieplikt: FAU er eit formelt organ i skulen og representantane har teieplikt. For at representantane skal få eit riktig bilete av sakene, er det viktig at skulen kjem med rettmessig informasjon.

Sak 8 – 19/20 Ordensreglar og rutinar for tildeling og føring av merknadar

Det vart sett på ordensreglane og spesielt på det med merknad. Innspel at elevane får merknad utan beskjed og det vert praktisert ulikt frå lærarar og evt. vikarar. Viktig at lærarane er i dialog med borna og at dei veit når det vert skrive merknad. Merknadane må sjåast på som eit noteringssystem og foreldra kan halde seg oppdatert i Visma. Viss foreldra er ueinig eller lurar på noko må dei tek kontakt med kontaktlærar. Skulen vil ta innspela til etterretning og ta ein gjennomgang for å sjå om ein bør gjere endringar.

Sak 9 – 19/20 Modell for elevbedrift i 9 klasse

Leiar i FAU har snakka med Ungt Entreprenørskap om modellen skulen bruker for elevbedrift er vanleg. Det at alle pengane går direkte i lommene til elevane er

uvanleg, men ikkje unikt. Me har spelt inn til skulen om endring her. Me ønsker at pengane går til klassekassa der ein bruker det på sosiale arrangement for fellesskapet eller til veldedig formål. Skulen er negativ til dette og vil ha det slik som det er no. FAU ønsker da at skulen vurderer eiga praksis til neste år, spesielt på korleis prosessen er organisert fram til produkta står ferdig. Skulen vil ha ein intern vurdering om ein vil fortsetje med dagens modell eller vurdere ny til neste skuleår.

Sak 10 – 19/20 Kunst og handverk – meir enn teikning og handarbeid ?

FAU ønsker at skulen ser på faget og at ein kan få inn meir handverk i timane. Kan ein få eit samarbeid med kommunen i å oppgradera uteområdet ? Kva trengs for å få inn sløyd i faget ? Rektor tek ein høyringsrunde.

Sak 11 – 19/20 Skulerute 2020/2021

Skuleruta vart delt ut og ingen kommentarar på den.

Tillegg til de planleggingsdagane som ligg i forslaget vil lærarane ha en planleggingsdag 10 august 2020. dette får ikkje konsekvensar for elevane.

Sak 12 – 19/20 Orientering frå skulen

Leirskulen:

Leirskulen er FAU sitt ansvar, skulen stillar med vaksne som reiser saman med elevane. Dette var ukjend for FAU. For at ein skal få reise på leirskulen er ein avhengig av at dei fleste betaler (gjev ei pengegåve). I år er det rekordlåg innbetaling frå foreldra. Dette må tas til evaluering og ein må vurdere å gjere det annleis til neste år. Skrivet må sjåast på og at ein set ein tidsfrist på betalinga. Har ein ikkje fått inn ein tilstrekkeleg sum til ein viss dato, kan ein ikkje reise på den leirskulen. Rektor tek ein telefon til leirskulen om det er mogeleg å få reise tidlegare på hausten. Og om ein kan avbestille opphaldet viss det er for lite pengar som er komen inn.

Permisjon for fri/ ferie:

Skulen ser utfordringar med foreldre som søker borna sine ut i mange dagar (1 veke) kort tid før permisjonen. Viktig at foreldra vurderer dette opp mot det fråværet til eleven. Det er ikkje gitt at ein får permisjon. Det skal fyllast ut eige søknadsskjema til rektor seinast 1 måned før ein skal ha fri. Lærarane må ut med info rundt dette på foreldremøta og sende ut retningsliner på mail.

Delbart:

Veldig positive tilbakemeldingar når dei var i fjor. Politiet kjem i januar med møte for 7 og 8 klasse. Foreldre og born vert invitert.

Sak 13 – 19/20 Miljøtiltak i klassane/ på klassesetrinna

Skulen og FAU oppfordrar til sosiale arrangement i klassane. 9 klasse har hatt ein vellukka samankomst på skulen, der ein hadde kahoot og aktivitetar på ulike postar. Eit innspel at foreldra og elevane som skal starte i 8 klasse får møtes på våren i 7 klasse. FAU og skulen skal vere i dialog for å sjå på om dette kan ordnast.

Sak 14 – 19/20 Ungdomsmiljøet på Lindås. Status Natteravn og Ungdomsklubb

Natteravn:

Charlotte F Søreide har ansvar for natteravn. Ein er samd i at dette er eit positivt tiltak. I følgje boka som alle skriv i er det roleg på Lindås i helgane. Det er mindre hærverk rundt omkring, men opplevd ved Kolås barnehage. Frå no vert natteravnane sponsa med pizza frå Mama Rosa og kaffi på Best. Bruk av rusmidlar skjer meir privat og i heimane.

Ungdomsklubb:

Rene Semmingsen er ansatt i 22 %. No jobbes det for fullt med maling, montering mm for å få opna ungdomsklubben i hallen. Marcus er bindeledd mellom klubben og skulen. To frå FAU har vore på besøk på Radøy for å få gode erfaringar frå ein klubb som fungerer godt. Dei tek innspela med seg i dialog med klubben. Det skal veljast klubbstyre, der ein stemmer på ein profil som ein meiner passer best i styret.

Sak 15 – 19/20 Faste arrangement. Barsedisco.

10 klasse har arrangert disco i oktober og FAU fekk inn 12.836 kr. 9 klasse har ansvar 31.01.20 og 8 klasse 06.03.20. Viktig at ein deler erfaringar, slik at ein slepp unødvendige utfordringar.

Sak 16 – 19/20 Val av representant til kommunalt FAU

Leiar Erlend Vaktskjold representerer Lindås Ungdomsskule i kommunalt FAU, Janne Rabben er vara.

Sak 17 – 19/20 Økonomi- status for FAU

Kasserer melder om at det står no 69.000 kr på konto. Da er ikkje buss til leirskule betalt.

Sak 18 – 19/20 Diverse

Arbeidslivsfag:

Det er komen innspel frå foreldre om å tilby arbeidslivsfag til alle på skulen som valfag. Rektor belyser utfordringane med lærarkapasitet og økonomiske ressursar. Rektor og skulen skal sjå på det og kva valfag dei kan tilby for neste skuleår våren 2020.

Referent: Monica B Sleire.

Neste ordinære FAU møte er 04.12.19. Ta kontakt med ein klassekontakt om du har saker du vil ta opp.